



Høgskolen i Telemark

EKSAMEN

**2114 Litteratur etter 1900
og
2613 Litteratur etter 1900 for internasjonale studenter**

8. mai 2009

Tid:	5 timers skoleeksamen 09.00 – 14.00
Målform:	Bokmål
Sidetal:	8 inkl. oppgaveark og vedlegg
Hjelpemiddel:	Ingen
Merknader:	Svar på en av oppgavene.
Vedlegg:	Novelle- og lyrikkttekst

Eksamensresultatene blir offentliggjort på nettet, via Arena høgskole.



Avdeling for allmennvitenskaplege fag.

Eksamensoppgaver 2114 Litteratur etter 1900

8. mai 2009

NB! Skriv en av oppgavene!

Oppgave 1:

Gi en litterær analyse av den romanen av Olav Duun som du legger opp. Drøft deretter romanen i litteraturhistorisk sammenheng.

Oppgave 2:

Gi en litterær analyse av Kjartan Fløgstads novelle "Riksvegen vestover". Kommenter bl.a. bruken av andre tekster (intertekstualitet).

Eksamensoppgaver 2613 Litteratur etter 1900 for internasjonale studenter

8. mai 2009

NB! Skriv en av oppgavene!

Oppgave 1:

Gi en litterær analyse av Tarjei Vesaas' dikt "Det ror og ror".

Oppgave 2:

Gi en litterær analyse av Kjartan Fløgstads novelle "Riksvegen vestover". Kommenter bl.a. bruken av andre tekster (intertekstualitet).

RIKSVEGEN VESTOVER

Telefonen ringde midt i det første kapitlet, der Morgan Kane kjem ridande gjennom skogen og ser utover Tombstone for første gang.

Det var så varmt at eg sat med rutene rulla ned og las med overarmen på karmen og hovudet støtta mot den venstre handa. Eg la boka frå meg på setet, gjekk ut av bilen og tok mikrofonen ut av den grønne og gule boksen.

Resepsjonen på Viking ville ha ein drosje til hovudinngangen så snart som råd. Eg hengde telefonrøyret frå meg, gjekk tilbake til bilen, og kørde Rosenkrantz' gate og Karl Johan nedover til hotellet.

Da eg svinga opp framfor inngangen, kom dørvakta ut og bad meg køyra til sides og parkera, for kunden sat inne i restauranten og ville snakka med meg om langtur. Eg flytta bilen og sette taxameteret i gang.

Han sat heilt aleine i spisesalen og drakk kaffi. Da han såg meg, ropte han gjennom rommet om ikkje eg òg ville ha meg ein skvett. Eg såg straks at han måtte vera sailor og demokrat, og sa ja takk.

Da han hadde fortalt kvar han skulle, svara eg at det blir tretten hundre kroner for det.

– Spelar inga rolle, sa han, men eg må vera der før klokka halv elleve i kveld, så viss du klarer det, kamerat, så skal du få fem hundre gudbrandsdalar til.

– Viss du meiner at eg får fem hundre kroner til for det, så skal nok denne gutten klara det, sa eg, – men da må vi få ut fingeren nå med ein gang, og komma oss ut av byen før rushet.

– Bare gå ut i bilen og vent, så kjem eg med kofferten sjøl, sa han, og la igjen hundre kroner i drinks på bordet.

Eg skrudde av taxameteret og venta i bilen til han kom. Han bar på koffert og hadde ei dokumentmappe av brunt skinn i den høgre handa. Han var berrhovda og gjekk i mørk dress med slipset laust i kragen. Morgan Kane hadde nettopp sett hesten frå seg i leigestallen da eg la frå meg boka og starta bilen.

Kvar gang vi stoppa for raudt lys utover Drammensvegen, såg eg i spegelen at han sat ganske stille i baksetet og såg slapt ut i lufta. Han hadde sett både veska og kofferten frå seg i bagasjerommet og sat midt i det tomme setet med beina langt frå kvarandre og begge dei store hendene i fanget.

I Sandvika sa han:

– Faen, eg skulle hatt noe øl.

Eg køyrde til eg fann eit supermarked, og parkerte utanfor. Han bad meg sitta att i bilen og gjekk inn i butikken aleine.

Da han kom ut att, bar han ein ølkasse av grøn plast i kvar hand. Dei hang skrått og symmetrisk ut frå kvar side av kroppen hans.

– Likar du Louis Masterson? spurde eg da han sette begge kassane inn i baksetet.

– Kva? svara han.

– Likar du Louis Masterson? Morgan Kane?

– Aldri høyrte om dei. Nei.

Han kasta den første tomme ølflaska ut gjennom bilvindauga i Lierbakkane. Kassane stod på kvar side av han i setet, og han tok skiftevis ei flaske frå kvar av dei.

Eg hadde køyrt gjennom Drammen og var på veg langs E76 oppover Nedre Eiker, da han måtte ut og slå lens for første gang. Han hadde drukke eit par-tre flasker, og blei borte eit par minuttar bak ein lagerbygning i vegkanten før han kom gåande tilbake til bilen og knappa igjen smekken med ei raud og stor ettermiddagssol i ryggen.

Han ville absolutt dra om Kongsberg, for der hadde han vore i det militære, men eg nekta å køyra om Heistadmoen. Hadde ikkje tid, sa eg, og da vi køyrde vidare over Meheia, tok han til å bli full og synga norske slagerar som var eit par år gamle.

– To år på Østen med kinacrew, tenk på det du, sa han da han slutta å synga.

Mellom Notodden og Seljord måtte han ut og pissa tre ganger. Siste gangen sovna han i graset like nedanfor Flatdal Bru, og eg måtte ut og henta han for å få han tilbake til bilen.

Han sov i baksetet, mellom ølkassane, dei første milene etterpå. Eg hadde

køyrt gjennom Seljord og var på veg opp Morgedal da han vakna og sa at nå var han svolten.

Vi hadde dårleg tid. Det sa eg til han, og at det kunne halda hardt å komma fram i tide viss vi stoppa nå. Men han gav seg ikkje, og inviterte meg også på middag.

I Høydalsmo stoppa vi og gjekk inn i kaféen på eit lite hospits. Han var skuffa over at det ikkje var noe på menyen som var dyrare enn tolv kroner, men vi fekk oss kvar vår schnitzel, og sette oss til bords medan han la ut og fortalde med så høg stemme at alle andre i kaféen og på kjøkkenet var nøydde til å høyra alt han sa.

– Du ser at eg var på ein slik bar nedi Singapore, og så blei eg sittande og snakka med ei av dei jentene som jobba der. Når eg snakkar med folk rundt omkring i utlandet, så er engelsk alltid det siste eg vil snakka. Så eg spurde først om ho snakka fransk, men det gjorde ho ikkje, og etterpå tok eg alle dei andre språka eg kunne etter tur og spurde om ho kunne noen av dei, men dama skjønnte ikkje eit ord av noe av det eg sa. Til slutt sa eg til ho på engelsk:

– Do you speak English, then?

– Yes, a little, svara dama.

– But how much? sa eg.

– Five dollars, svara ho.

– Har du høyrt noe så dumt? Tenk på det. Five dollars, sa ho.

Det var dødsstille i kaféen før han sette i å le sjøl. Eg åt schnitzel medan han lo, og da han spurde kva eg ville ha til dessert, svara eg at eg måtte sjå etter noe på bilen, og gjekk ut av kaféen.

Det hadde nett tatt til å skimra, og Morgan Kane var på veg frå Benson Hótel og over til Golden Circle Saloon for å spørja etter Carajo Adams, da han kom ut på trappa til kaféen. Eg la boka ned på setet og opna bildøra, og han sette seg inn mellom ølkassane. Litt etter køyrdde vi ut av Høydalsmo, vestover.

Det var ennå mye øl i kassane. Om tre timar skal Anita få kjenna gutten sin som har vore to år på Østen med kinamannskap. Dette sa han kvar gang han vippra av ein kork. Han drakk tett og måtte ut på kvar sving for å pissa. Eg køyrdde som eit svin for dei fem hundre kronene, men nå virka det som om han saboterte bevisst, og var lenger borte frå bilen for kvar tur.

Eg hadde nesten gitt opp alt håp om å klara det, da han sovna ein eller annan stad på strekninga Vågslid-Haukeliseter. Det var seint på kvelden og heilt mørkt, liten møtande trafikk, og eg kunne halda god fart på den nye vegen over fjellet.

Om det var ølet eller svingane i Austmannlia eller begge delar som gjorde det, veit eg ikkje, men nede ved det gamle ysteriet i Røldal vakna han, stakk hovudet ut av vindauga på høgre sida av bilen og begynte å spy.

Klokka på dashbordet var presis ni. Eg ropte til han over skuldra og spurde om eg skulle køyra vidare med det same slik at han kom fram til halv elleve, eller om vi skulle stoppa og ta ein pause i Røldal.

Han grynta noe om at eg bare måtte køyra på, fordi det var heilt nødvendig

for han å komma fram før klokka halv elleve. Eg høyrde at han tørrspydde fleire ganger på vegen gjennom Røldal og bortover mot Horda. Da eg tok til å klatra oppover Hordabakkane, og farten blei mindre, roa han seg, men eg høyrde frå tid til anna at han stønna.

Vegen på den siste fjellovergangen var elendig, men eg såg lysa frå all møtande trafikk på mils avstand, så eg kunne halda jamn fart og sleppa å tenka på anna enn å halda bilen på vegen. Han sat heile tida i djup bakrus i baksetet og såg sløvt framfor seg i mørkret.

Vi var framme kvart over ti. Natta over byen var merkeleg kvit av røyken som steig opp frå dei store fabrikkane. Da vi køyrde inn i sentrum, blei nattehimmelen brått raud og hissig.

– Nå tappar dei slagg, sa han. – Det er C-skiftet som tappar slagg i dei store grøftene bak ovnshuset.

Eg spurde kvar eg skulle køyra han nå. – Køyr til kaféen vel for faen, sa han. – Eg må opp og bunkra før dei stenger ølsalget. Kaféen stenger klokka elleve, men den siste halve timen får dei ikkje lov til å selja øl, og da sluttar Anita å servera, og begynner å vaska golvet på kjøkkenet. Det var derfor eg måtte vera her halv elleve, forstår du.

Eg blei med han opp for å ta ein kopp kaffi. Kaféen låg i andre etasje, og hadde svingtrapp opp frå gata.

– Nei, gi faen, eg synest det er Osvald, eg! var det ein som ropte da vi kom opp på kaféen.

– Halei, sa Osvald. – Kor er Anita?

– Og så gjekk vi bort og sette oss ved bordet til fyren som ropte.

– Kven faen er det du har dratt med deg?

– Jævla bra type. Det er sjåføren min det. Han har faen meg køyrt meg frå Oslo i dag, og han skal ha ... Kor mye er det du skal ha av meg, gutt?

Anita var på veg bort frå disken med ein halvliter i kvar hand. Ho sa noe på dialekt, sette glasa frå seg på bordet, og smaug ned i fanget til Osvald.

– Det blir atten hundre til saman, sa eg.

Osvald prøvde å finna pengane i baklomma medan Anita sat i fanget og kyste han.

– Her har du, sa han, og bladde opp to tusenlappar. – Og resten er drinks. Er det noen som sit med tomt glas her? Øl til alle mann! Jævla ålreit fyr han der sjåføren. God kompis, ser du.

Anita gjekk tilbake til disken, og kom tilbake til bordet med eit Brett fullt av halvliterar.

– Men klokka er over halv elleve, sa eg.

– Høyr på han som er frå Oslo, da, sa Anita.

Da dei stengde sjappa, kom Anita bort og spurde om eg ville møte henne kvart over elleve. Osvald sat i stolen med hovudet bakover og snorka med open munn.

Gata utanfor var tom og stille. I eit portrom lyste det frå ei pølsebu. Eg var for trøytt til å køyra til Oslo om natta. Eg kunne like godt ligga med serveringsdama. Det lukta spy frå bilen da eg sette meg inn.

Eg venta til Anita kom ut under det kvite lyset frå neonskiltet med «Kafé», så starta eg bilen og køyrde bort til trappa. Tre kvartal lenger nede i same gata låg eit hotell.

Bilen fekk stå uvaska til dagen etter. Vi fekk eit rom i øvste etasje. Frå det store vindauga kunne eg sjå over hustaka på andre sida av gata bort til to elvar som så vidt det var møttest, før dei rann saman ut i fjorden og delte havna i to. På den andre sida av elveosen såg eg lysa, pipene som sende opp røyk, og dei blå gassflammene som loga på taket av noen store fabrikkbygningar.

Anita var ålreit, men lydane frå nattarbeidet på fabrikkjen gjorde det vanskeleg å sova etterpå. Det er bare sinterverket og grabben på Gantry-kranen, sa Anita før ho sovna. Eg stod opp frå senga, sette meg i ein stol og las i det dårlege lyset frå ein stålampe, og stadig avbroten av ukjende metallydar. Tre ganger før eg sovna blei rommet opplyst av det gule lyset som Osvald sa kom frå slaggtippinga bak ovnshuset.

– Kane!

Han snudde seg. Pokker ta henne – hun kom løpende.

Kane bråstoppet. Mens han stod der i det milde mørket, kjente han den bitre korditt-lukten fra revolveren og den høyre hånden.

– De må ikke gå på den måten! utbrøt Anita.

– Gå aldri fra meg på den måten, hører De?

Kane grep henne hardt i skuldrene. – Hold deg unna meg, sa han lavt og kaldt. – Hører du? Hold deg unna!

– Ti stille! flammet hun. – Snakk ikke slik til meg! Jeg er ikke noen salo-ontøs!

– Du oppfører deg som en. Jeg må gå. Farvel!

– Du løper, ropte hun etter ham – flykter! Ja ... bare løp! Men vi møtes igjen! Hører du hva jeg sier? Vi skal møtes igjen!

Hevntrangen sydet i hans svarte sjel.

Frå *Fangliner*, 1972

DET ROR OG ROR

Dagen er faren
– og det ror og ror.

Det mørke berget,
mørkare enn kvelden,
luter over vatnet
med svarte folder:
Eit samanstuppt andlet
med munnen i sjøen.
Ingen veit alt.

Der ror og ror,
i ring,
for berget syg.
Forvilla plask på djupet.
Forkoment knirk i tre.
Frovilla trufast sjel som ror
og snart kan sugast ned.

Han står der òg
den andre,
han i bergfoldene,
i svartare enn svart,
og lyer utover.
Lam av synd.
Stivt lyande.
Stiv av støkk
fordi her ror –

Då må det gå blaff og blå-skin
fram og attende
som heite vindar
og som frøst.

Det ror og ror i natt.
Det ser og ser ingen.
Ingen veit
kven som slikkar på berget
når det er mørkt.

Ingen veit botnane
i Angest sjø.
Ingen veit
kven som ikkje kan ro.

Frå *Lykka for ferdesmenn*, 1949.